



Utval: Kommunestyret
Møtestad: Roan, Fyresdal næringshage
Dato: 15.12.2016
Tid: 13:00 – 15:10

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Nils Kristian Moe	Medlem	AP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP
Martha Schrøder Momrak	Medlem	AP
Nils Vidar Pettersen	Medlem	AP
Ingunn Lauvrak	Medlem	AP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Svein Slyngstad	Medlem	SP
Per Helge Seltveit	Medlem	SP
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP
Ellen Elisabeth Gasman	Medlem	SP
Anne Mette Hjort-Jensen Momrak	Medlem	AP
Thor Inge Levang	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Torleiv Hvistendahl	Medlem	AP
Øyvind Kile	Medlem	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
John Kristian Lukassen	Øyvind Kile	AP
Peter Gruszewski	Torleiv Hvistendahl	AP
Gjermund Zakarias Bergsland	Kjell Sverre Thoresen	SP

Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	Rådmann
Tron Armand Støle	Kommunalsjef kultur og oppvekst
Berit Ramsvatn-Kemp	Kommunalsjef helse og omsorg
Arild Metveit	Kommunalsjef plan og miljø
Kjersti Bergland	Kommunalsjef økonomi og fellestenester

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
90/16 – 98/16

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
Ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
---------------------------	----------------

- | | |
|----------|--|
| PS 90/16 | Referatsaker |
| PS 91/16 | Strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved innkjøp |
| PS 92/16 | Tilstandsrapport for Gimle skule 2015-2016 |
| PS 93/16 | Utvikling av bustadområdet Moghusfeltet i Sørbygda |
| PS 94/16 | Revisjon av plan for trafikksikring |
| PS 95/16 | Leasing av administrasjonsbil |
| PS 96/16 | Føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamavskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Telemark |
| PS 97/16 | Økonomiplan 2017 - 2020 og Årsbudsjett 2017 for Fyresdal kommune |

Fyresdal 7. desember 2016

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

Samrøystes for å handsame ettersendt sak 98/16 – Utval av faste møtefullmektige til forliksrådet 2017 – 2020.

PS 90/16 Referatsaker

RS 28/16 Referat frå Vest-Telemarkrådet

RS 29/16 Orienteringar

RS 30/16 Tilskot til Guds menighet Vegårshei

RS 31/16 Tilskot til Humanetisk forbund

RS 32/16 Tilskot til Kristensamfunnet i Norge

RS 33/16 Tilskot til Metodistkirken i Norge

RS 34/16 Tilskot til Oslo Katolske bispedømme

RS 35/16 Tilskot til Sjamanistisk forbund

RS 36/16 Tilskot til Syvendedags adventistkirken - Den Norske union

RS 37/16 Tilskot til somalisk trossamfunnet i Notodden

RS 38/16 Tilskot til Vest-Telemark Muslimske trdomssamfunn

RS 39/16 Tilskot til Kristiansand Salem misjonsmenighet

PS 91/16 Strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved innkjøp

Innstilling frå rådmannen:

Strategisk dokument om grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved innkjøp innarbeidast som vedlegg til kommunen sitt innkjøpsreglement.

Handsaming i Formannskap - 07.12.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 07.12.2016

Strategisk dokument om grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved innkjøp innarbeidast som vedlegg til kommunen sitt innkjøpsreglement.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Samrøystes i samsvar med vedtaket i formannskapet.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Strategisk dokument om grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved innkjøp innarbeidast som vedlegg til kommunen sitt innkjøpsreglement.

PS 92/16 Tilstandsrapport for Gimle skule 2015-2016

Innstilling frå rådmannen:

Tilstandsrapporten for Gimle skule 2015-2016 vert teken til vitande.**Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016**

Kommunalsjef kultur og oppvekst, Tron A. Støle, la fram rapporten.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Tilstandsrapporten for Gimle skule 2015-2016 vert teken til vitande.

PS 93/16 Utvikling av bustadområdet Moghusfeltet i Sørbygda

Innstilling frå rådmannen:

Det blir sett i gang utbygging av den nedre delen av Moghusfeltet i Sørbygda snarast, seinast våren 2017, med mål om å kunne tilby byggeklare tomter med veg, vatn, avlaup, straum og fiber til tomtegrensene for minimum fem tomter, sommaren 2017. Avtale med grunneigar Jørund Moghus blir lagt til grunn, mellom anna kjøp av ei tomt til kr. 50 000,- for vidareasal. Det blir sett byggeklausul for bustadhus på tomtene. Kalkulerte kostnader, kr. 2 280 000,- blir finansiert ved låneopptak.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Framlegg endring/tillegg frå AP v/ Olav Gisle Noraberg:

Som innstilling frå rådmannen med fylgjande endring:

- Det blir sett klausul om at det blir bygd heilårsbustad på tomtene.
- Veg frå påkøyrsel til Gamleveg ved Skarpeid og opp til planlagt veg frå Lauvraksvegen og inn til bustadområdet blir teke med. Kostnadane på kr 500.000,- blir teke med i kalkyla. Dette utløyser at byggeklare tomter blir auka frå 5 til ca 12.
- Kommunestyret ynskjer å få seg førelagt ei sak vedrørande bygging av kommunal bustad med sokkelleilighet i bustadfeltet.
- Kommunestyret ynskjer å få seg førelagt ei sak vedrørande tidsavgrensa leigeavtaler og differensiera husleiger i kommunale bustader.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå AP v/ Olav Gisle Noraberg.

Framlegg frå SP v/ Thor Inge Levang:

Gjenninnføre tilskot på kr 100.000,- til bygging av heilårsbustad utanom kommunale bustadfelt. Dette må innarbeidast i tilskotsreglementet.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå SP v/ Thor Inge Levang.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Det blir sett i gang utbygging av den nedre delen av Moghusfeltet i Sørbygda snarast, seinast våren 2017, med mål om å kunne tilby byggeklare tomter med veg, vatn, avlaup, straum og fiber til tomtegrensene for ca 12 tomter, sommaren 2017. Veg frå påkøyrsel til Gamleveg ved Skarpeid og opp til planlagt veg frå Lauvraksvegen og inn til bustadområdet blir teke med. Avtale med grunneigar Jørund Moghus blir lagt til grunn, mellom anna kjøp av ei tomt til kr. 50 000,- for vidareasal. Det blir sett byggeklausul for heilårsbustad på tomtene. Kalkulerte kostnader, kr. 2 780 000,- blir finansiert ved låneoptak.

Kommunestyret ynskjer å få seg førelagt ei sak vedrørande bygging av kommunal bustad med sokkelleilighet i bustadfeltet.

Kommunestyret ynskjer å få seg førelagt ei sak vedrørande tidsavgrensa leigeavtaler og differensiera husleiger i kommunale bustader.

Gjenninnføre tilskot på kr 100.000,- til bygging av heilårsbustad utanom kommunale bustadfelt. Dette må innarbeidast i tilskotsreglementet.

PS 94/16 Revisjon av plan for trafikksikring

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune vedtek revidera plan for trafikksikring, med prioritet slik trafikksikkerhetsutvalet har førelagt, og lista opp i vurderinga i saka.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 06.12.2016

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 06.12.2016

Fyresdal kommune vedtek revidera plan for trafikksikring, med prioritet slik trafikksikkerhetsutvalet har førelagt, og lista opp i vurderinga i saka.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 12.12.2016

Prosjektleiar John Kjell Lien orienterte i saka.

Framlegg frå Berit Gulbrandsen:

Vurdere fortaug langs venstre side Folkestadgata frå Århusvegen til innkøyring Spar.

Samrøystes

Framlegg frå Torleiv Veum

Tillegg til pkt 6.

Strakstiltak fartsgrense 40 km/t, fareskilt og spegel frå utkøyring butikk.

Samrøystes

Merknad til pkt 1.

Oppfordre til å respektere skilt og trafikk

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 12.12.2016

Fyresdal kommune vedtek revidera plan for trafikksikring, med prioritet slik trafikksikkerhetsutvalet har førelagt, og lista opp i vurderinga i saka.

Med desse tilleggga:

Vurdere fortaug langs venstre side Folkestadgata frå Århusvegen til innkøyring Spar.

Tillegg til pkt 6.

Strakstiltak fartsgrense 40 km/t, fareskilt og spegel frå utkøyring butikk.

Merknad til pkt 1.

Oppfordre til å respektere skilt og trafikkmønster

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Framlegg frå SP v/ Thor Inge Levang:

Fyresdal kommune tek kontakt med Statens Vegvesen for å sjå på trafikktilhøva ved Heggland Daglegvare.

Samrøystes i samsvar med vedtaket i Hovudutval for plan og miljø med tilleggsframlegget frå SP v/ Thor Inge Levang.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Fyresdal kommune vedtek revidera plan for trafikksikring, med prioritet slik trafikksikkerhetsutvalet har førelagt, og lista opp i vurderinga i saka.

Fyresdal kommune tek kontakt med Statens Vegvesen for å sjå på trafikktilhøva ved Heggland Daglegvare.

PS 95/16 Leasing av administrasjonsbil

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune inngår avtale med Autoleas om leige av Skoda Octavia 1.6 TDI 110 hk Style 4x4 stv med køyrelengde på 20.000 km for ein periode av fire år.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 14.11.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 14.11.2016

Fyresdal kommune inngår avtale med Autoleas om leige av Skoda Octavia 1.6 TDI 110 hk Style 4x4 stv med køyrelengde på 20.000 km for ein periode av fire år.

Handsaming i Formannskap - 16.11.2016

Framlegg frå Svein Slyngstad:

Saka vert utsett til neste møte for å sjekke om kor stor bruken av ein slik bil vil vere og rette opp opplysningar i saka.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Svein Slyngstad.

Vedtak i Formannskap - 16.11.2016

Saka vert utsett til neste møte for å sjekke om kor stor bruken av ein slik bil vil vere og rette opp opplysningar i saka.

Handsaming i Formannskap - 07.12.2016

Endra innstilling av rådmannen:

Fyresdal kommune inngår avtale med Autoleas om leige av Skoda Octavia 1.6 TDI 110 hk Style 4x4 stv med køyrelengde på 20.000 km for ein periode av tre år.

Framlegg frå ordføraren:

Fyresdal kommune inngår ikkje avtale om leasingbil for administrasjonen.

Samrøystes i samsvar med framlegg frå ordføraren.

Vedtak i Formannskap - 07.12.2016

Fyresdal kommune inngår ikkje avtale om leasingbil for administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Samrøystes i samsvar med vedtaket i formannskapet.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Fyresdal kommune inngår ikkje avtale om leasingbil for administrasjonen.

PS 96/16 Føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamavskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Telemark

Innstilling frå rådmannen:

Føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamavskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Telemark blir godkjent slik ho ligg føre, og innført med verknad frå 01.01.2017.

I budsjettsaka til kommunestyret legg ein opp til ei trinnvis auk i gebyra med finansiering frå renovasjonsfondet.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 06.12.2016

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 06.12.2016

Føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamavskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Telemark blir godkjent slik ho ligg føre, og innført med verknad frå 01.01.2017.

I budsjettsaka til kommunestyret legg ein opp til ei trinnvis auk i gebyra med finansiering frå renovasjonsfondet.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Med bakgrunn i at representantskapen i Renovest IKS har avvist denne saka trekker ordføraren den av sakskartet slik den ligg føre nå.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

PS 97/16 Økonomiplan 2017 - 2020 og Årsbudsjett 2017 for Fyresdal kommune

Innstilling frå formannskapet:

Økonomiplan 2017 – 2020 og årsbudsjett 2017 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre. Nettorammene for kvar sektor i driftsbudsjettet vert som fylgjer:

Sektor	Utgift	Inntekt	Netto
Fellestenesta	16.681.000	3.197.000	13.484.000
Helse og omsorg	57.424.000	14.932.000	42.492.000
Kultur og oppvekst	39.194.000	4.321.000	34.873.000
Plan og teknikk	27.971.000	14.380.000	13.591.000
Finans	19.972.000	124.412.000	-104.440.000

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 22.11.2016

Rådmann Ketil O Kiland orientere om saka.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå formannskapet.

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 22.11.2016

Økonomiplan 2017 – 2020 og årsbudsjett 2020 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre. Nettorammene for kvar sektor i driftsbudsjettet vert som fylgjer:

Sektor	Utgift	Inntekt	Netto
Fellestenesta	16.681.000	3.197.000	13.484.000
Helse og omsorg	57.424.000	14.932.000	42.492.000
Kultur og oppvekst	39.194.000	4.321.000	34.873.000
Plan og teknikk	27.971.000	14.380.000	13.591.000
Finans	19.972.000	124.412.000	-104.440.000

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 05.12.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå formannskapet med fyljande tillegg;

- Amu ber kommunestyret om å kompensere for utgifter til reinhald i kommunens lokale i næringshagen, utgiftene til reinhald er det ikkje i full grad teke høgde for i budsjettet.
- Fyljande punkt under "Driftsbudsjettet" bør strykast då det forutset at Skeidet skal halde fram, noko som ikkje er vedteke.
 - Tildeling av tilskot til Skeid-arrangement vert lagt til OKO-utvalet.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 05.12.2016

Økonomiplan 2017 – 2020 og årsbudsjett 2020 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre, med fyljande tillegg.

- Amu ber kommunestyret om å kompensere for utgifter til reinhald i kommunens lokale i næringshagen, utgiftene til reinhald er det ikkje i full grad teke høgde for i budsjettet.
- Fyljande punkt under "Driftsbudsjettet" bør strykast då det forutset at Skeidet skal halde fram, noko som ikkje er vedteke.
 - Tildeling av tilskot til Skeid-arrangement vert lagt til OKO-utvalet.

Nettorammene for kvar sektor i driftsbudsjettet vert som fylgjer:

Sektor	Utgift	Inntekt	Netto
Fellestenesta	16.681.000	3.197.000	13.484.000
Helse og omsorg	57.424.000	14.932.000	42.492.000
Kultur og oppvekst	39.194.000	4.321.000	34.873.000
Plan og teknikk	27.971.000	14.380.000	13.591.000
Finans	19.972.000	124.412.000	-104.440.000

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 06.12.2016

Nytt framlegg frå Arbeiderpartiet v/ Nils Vidar Pettersen.

Som formannskapet si innstilling, men auke ramma for plan og teknikk med 200 tusen kroner for å dekke kostnaden med reinhald av "nye kommunehuset".

Nytt framlegg blei samrøystes vedteke.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 06.12.2016

Økonomiplan 2017 – 2020 og årsbudsjett 2020 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre. Nettorammene for kvar sektor i driftsbudsjettet vert som fylgjer:

Sektor	Utgift	Inntekt	Netto
Fellestene	16.681.000	3.197.000	13.484.000
Helse og omsorg	57.424.000	14.932.000	42.492.000
Kultur og oppvekst	39.194.000	4.321.000	34.873.000
Plan og teknikk	27.971.000	14.380.000	13.591.000
Finans	19.972.000	124.412.000	-104.440.000

Som formannskapet si innstilling, men auke ramma for plan og teknikk med 200 tusen kroner for å dekke kostnaden med reinhald av "nye kommunehuset".

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 08.12.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå formannskapet

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 08.12.2016

Økonomiplan 2017 – 2020 og årsbudsjett 2020 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre. Nettorammene for kvar sektor i driftsbudsjettet vert som fylgjer:

Sektor	Utgift	Inntekt	Netto
Fellestene	16.681.000	3.197.000	13.484.000
Helse og omsorg	57.424.000	14.932.000	42.492.000
Kultur og oppvekst	39.194.000	4.321.000	34.873.000
Plan og teknikk	27.971.000	14.380.000	13.591.000
Finans	19.972.000	124.412.000	-104.440.000

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Framlegg frå SP v/Thor Inge Levang:

Kulturmidlar aukast med kr 78.000,-, som skal fordelast på lag og organisasjonar tilsvarande 2015-nivå. Dekkast av auk i skatteinntekter.

Samrøystes

Framlegg frå AP v/ ordføraren:

Skatteinntektene aukast med kr 322.000,- mens avdragsbetaling oppretthaldast i tråd med inngåtte avtaler (rekna til kr 200.000).

Kr 22.000,- går til styrking av disp.pott til OKO-utvalet og kr 100.000,- går til styrking av disp.pott til formannskapet.

Samrøystes

Framlegg frå AP v/Nils Vidar Pettersen:

Kostnad på kr 200.000,- for å dekke reinhaldsutgifter i Næringshagen vert dekt ved å omdisponere innsparing av kostnad med å leige tidlegare NAV-kontor.

Samrøystes

Framlegg frå AP v/ Nils Kristian Moe:

Det vert oppretta ei 25% pedagogstilling i småskulen, dekt av øyremerka tilskot til tidleg innsats i skulen.

Samrøystes

Framlegg frå AP v/ Nils Vidar Pettersen:

Husleige for Tøddelia 3 vert kr 8.000,- pr. månad.

Samrøystes

Framlegg frå SP v/Guro Libjå:

Nye mål under økonomiplanen i sektor for plan og teknikk:

- Vidareutvikle Fyresdal som ei jord- og skogbruksbygd.
- Skape optimisme i landbruket og auke husdyrtalet.
- Stø opp om småskalaprodusentar/kortreist mat.
- Oppretthalde kulturlandskapet, hindre attgroing av dyrka mark, vegar og utsiktspunkt.

Samrøystes

Framlegg frå SP v/ Tone I. Veum:

Nytt punkt under mål for skule i sektor for kultur og oppvekst:

- Gimle skule skal ha resultat både på læring og trivsel som er minst på nivå med kommunegruppe 06.

Samrøystes

Framlegg frå ordføraren:

Kommunestyret ynskjer ikkje sak om privatisering av kommunale vegar.

Samrøystes

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå formannskapet med dei endringar som kjem fram her.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Økonomiplan 2017 – 2020 og årsbudsjett 2020 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre. Nettorammene for kvar sektor i driftsbudsjettet vert som følgjer:

Sektor	Utgift	Inntekt	Netto
Fellestenesta	16.803.000	3.197.000	13.606.000
Helse og omsorg	57.424.000	14.932.000	42.492.000
Kultur og oppvekst	39.432.000	4.481.000	34.951.000
Plan og teknikk	27.971.000	14.380.000	13.591.000
Finans	20.172.000	124.812.000	-104.640.000

PS 98/16 Utval av faste møtefullmektige til forliksrådet 2017 - 2020

Innstilling frå rådmannen:

Møtefullmektige til Fyresdal forliksråd for perioden 2017 – 2020 blir:

Edvard Nesland
Signe Greivstad
Lise Libjå

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Møtefullmektige til Fyresdal forliksråd for perioden 2017 – 2020 blir:

Edvard Nesland

Signe Greivstad
Lise Libjå